



Møteprotokoll

Utval:	Kontrollutvalet i Ulvik herad
Møtestad:	2. etg. sentrumsbygget, Ulvik herad
Dato:	22.01.2020
Tid:	09:00 – 12:00

Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Solveig Hellesnes Uppheim	Leiar	V
Alf Gunnar Sortland	Nestleiar	AP
Gunnbjørg Øyre	Medlem	SV
Håkon Gjerde	Medlem	V
Terje Strømmen	Medlem	H

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

Følgjande varamedlemmer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Merknader

Andre som møtte:

Namn	Stilling
Kjartan Haugsnes	Seniorrådgjevar Hordaland fylkeskommune
Thore Hopperstad	Rådmann (Til PS 1/20)
Trygve Solberg	Økonomisjef (Til PS 1/20)
Elin Bye	Dagleg leiar IHR
Arne Gilbakken	Forvaltningsrevisor IHR

Solveig Hellesnes Uppheim
utvalsleiar

Kjartan Haugsnes
utvalssekretær

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 1/20	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 2/20	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte		
	Politiske saker		
PS 1/20	Orientering frå rådmann, nytt frå heradet.		2018/31
PS 2/20	Vurdering om IHR er uavhengig i høve Ulvik herad		2020/12
PS 3/20	Rapport selskapskontroll Indre Hordaland Miljøverk (IHM)		2018/38
PS 4/20	Plan for forvaltningsrevisjon, godkjenning av prosjektplan og vidare handsaming.		2019/53
PS 5/20	Prosjektplan plan for eigarskapskontroll, godkjenning og vidare handsaming		2019/54
PS 6/20	IHR presenterer interimsrevisjonsrapport for Ulvik herad 2019		2020/14
PS 7/20	Møteplan for kontrollutvalet 2020		2020/13
	Referatsaker		
RS 1/20	Program folkevaldopplæring Solstrand februar 2020		2020/15
RS 2/20	Vedtak heradstyret, val kontrollutval 2019 - 2023		2020/16
RS 3/20	Vedtak budsjett kontroll og tilsyn 2020		2020/17

Godkjenningssaker

GK 1/20 Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling og sakliste vart godkjent.

GK 2/20 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Møteprotokoll frå kontrollutvalet sitt møte 06.11.2019 vart godkjent.

Politiske saker

PS 1/20 Orientering frå rådmann, nytt frå heradet.

Forslag til vedtak

1. Informasjonen vart teken til orientering.

Saksprotokoll i 22.01.2020 - Kontrollutvalet i Ulvik herad

Handsaming i møte

Rådmann Thore Hopperstad presenterte «nytt frå heradet» og svara på spørsmål. Presentasjonen vart sendt ut saman med møteprotokoll.

Folkevaldopplæring i Ulvik herad vart 4. og 5. februar. Medlemmene i kontrollutvalet er og inviterte.

Hardanger barnevern: Etter kommunesamanslåinga (Ullensvang kommune) er Ulvik herad tilbydd dobbel pris for same tenesta. Ser no på nytt samarbeid med Voss eller Kvam herad saman med Eidfjord kommune. Ulvik herad ser og på ei ordning med at barnevern og ppt og kommunepsykolog vart kjøpt frå same stad.

Forvaltningsrevisjon: Innspel frå administrasjon – sjå på interkommunalt samarbeid, IKS og avtalar. Ny kommunelov og kommunesamanslåingar.

Neste møte med omvisning på Ulvik omsorgstun!

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Informasjonen vart teken til orientering.

PS 2/20 Vurdering om IHR er uavhengig i høve Ulvik herad

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar eigenvurderingane frå dagleg leiar Elin Bye og forvaltningsrevisor Arne Gilbakken, vedrørende om IHR er uavhengig i høve Ulvik herad, til etterretning.

Saksprotokoll i 22.01.2020 - Kontrollutvalet i Ulvik herad

Handsaming i møte

Dagleg leiar i IHR, Elin Bye orienterte kort om uavhengighetserklæringane og svara på spørsmål.

Indre Hordaland Revisjonsdistrikt (IHR) stadfesta og i møtet at dei ikkje har hatt andre oppdrag for Ulvik herad enn det som er tinga frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar eigenvurderingane frå dagleg leiar Elin Bye og forvaltningsrevisor Arne Gilbakken, vedrørende om IHR er uavhengig i høve Ulvik herad, til etterretning.

PS 3/20 Rapport selskapskontroll Indre Hordaland Miljøverk (IHM)

Forslag til innstilling

1. På bakgrunn av selskapskontroll av Indre Hordaland Miljøverk IKS ber heradsstyret i Ulvik herad representantskapet i selskapet syta for at:
2. IHM etterlever anskaffingslova og tilhøyrande forskrift i forhold til prinsippet om konkurranse og kunngjeringsplikt, og etablere retningslinjer og rutinar som sikrar dette.
3. IHM inngår rammeavtalar med leverandørar som dei jamleg kjøper tenester frå og ha rutine på å fornya desse i tråd med regelverket. Prinsippet om konkurranse, som kjem fram av anskaffingslova § 4, bør følgjast ved inngåing av rammeavtalar.
4. IHM følgjer retningslinjene for berekning av sjølvkost og eventuelle avvik frå dei bør grunnjevast.
5. Utjamningsfondet gradvis vert bygt ned. For å få dette til bør fondet sjåast i samanheng med gebyrsatsane.

Saksprotokoll i 22.01.2020 - Kontrollutvalet i Ulvik herad

Handsaming i møte

Arne Gilbakken frå IHR presenterte rapporten og svara på spørsmål.

Nye Ullensvang kommune: Jondal kommune og Ullensvang herad går ut av IHM tidlegast 01.01.2021

Etter sams drøfting i utvalet vart slikt nytt punkt samrøystes vedteke.

Avsetning til etterdriftsfond vert indeksregulert årleg.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Det vert og avtala at IHR kjem i heradsstyret og presenterer rapporten.

Vedtak

På bakgrunn av selskapskontroll av Indre Hordaland Miljøverk IKS ber heradsstyret i Ulvik herad representantskapet i selskapet syta for at:

1. IHM etterlever anskaffingslova og tilhøyrande forskrift i forhold til prinsippet om konkurranse og kunngjeringsplikt, og etablere retningslinjer og rutinar som sikrar dette.
2. IHM inngår rammeavtalar med leverandørar som dei jamleg kjøper tenester frå og ha rutine på å fornya desse i tråd med regelverket. Prinsippet om konkurranse, som kjem fram av anskaffingslova § 4, bør følgjast ved inngåing av rammeavtalar.
3. IHM følgjer retningslinjene for berekning av sjølvkost og eventuelle avvik frå dei bør grunnjevast.
4. Utjamningsfondet gradvis vert bygt ned. For å få dette til bør fondet sjåast i samanheng med gebyrsatsane.
5. Avsetning til etterdriftsfond vert indeksregulert årleg.

PS 4/20 Plan for forvaltningsrevisjon, godkjenning av prosjektplan og vidare handsaming.

Forslag til vedtak

1. Prosjektplan for risiko og vesentlegvurderingar og plan for forvaltningsrevisjon vert godkjent slik den ligg føre / evt. med endringar gjort i møte, herunder at timeressursen vert sett til 140 timar.
2. Kontrollutvalet sluttar seg til framdriftsplan for arbeid med risiko og vesentlegvurderingar og plan for forvaltningsrevisjon.
3. Kontrollutvalet ber om at prosessmøte nr. 1 vert gjennomført på neste møte.

Saksprotokoll i 22.01.2020 - Kontrollutvalet i Ulvik herad

Handsaming i møte

Politisk sak 4/20 og 5/20 vart handsama saman.

Arne Gilbakken presenterte prosjektplanen og svara på spørsmål.

Kontrollutvalet ser at om ein skal kome i mål med arbeidet med planane må ein ha eit prosessmøte i mars/april. Revisjonen tek kontakt med administrativt/politisk nivå i Ulvik herad og finn eigna tidspunkt for dette prosessmøtet og melder tilbake til sekretariatet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Prosjektplan for risiko og vesentlegvurderingar og plan for forvaltningsrevisjon vert godkjent slik den ligg føre / evt. med endringar gjort i møte, herunder at timeressursen vert sett til 140 timar.
2. Kontrollutvalet sluttar seg til framdriftsplan for arbeid med risiko og vesentlegvurderingar og plan for forvaltningsrevisjon.
3. Kontrollutvalet ber om at prosessmøte nr. 1 vert gjennomført på neste møte.

PS 5/20 Prosjektplan plan for eigarskapskontroll, godkjenning og vidare handsaming

Forslag til vedtak

1. Prosjektplan for risiko og vesentlegvurderingar og plan for eigarskapskontroll og plan for forvaltningsrevisjon vert godkjent slik den ligg føre / evt. med endringar gjort i møte, herunder at timeressursen vert sett til 140 timar.

2. Kontrollutvalet sluttar seg til framdriftsplan for arbeid med risiko og vesentlegvurderingar og plan for eigarskapskontroll.
3. Kontrollutvalet ber om at prosessmøte nr. 1 vert gjennomført på neste møte.

Saksprotokoll i 22.01.2020 - Kontrollutvalet i Ulvik herad

Handsaming i møte

Politisk sak 4/20 og 5/20 vart handsama saman.

Arne Gilbakken presenterte prosjektplanen og svara på spørsmål.

Kontrollutvalet ser at om ein skal kome i mål med arbeidet med planane må ein ha eit prosessmøte i mars/april. Revisjonen tek kontakt med administrativt/politisk nivå i Ulvik herad og finn eigna tidspunkt for dette prosessmøtet og melder tilbake til sekretariatet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Prosjektplan for risiko og vesentlegvurderingar og plan for eigarskapskontroll og plan for forvaltningsrevisjon vert godkjent slik den ligg føre / evt. med endringar gjort i møte, herunder at timeressursen vert sett til 140 timar.
2. Kontrollutvalet sluttar seg til framdriftsplan for arbeid med risiko og vesentlegvurderingar og plan for eigarskapskontroll.
3. Kontrollutvalet ber om at prosessmøte nr. 1 vert gjennomført på neste møte.

PS 6/20 IHR presenterer interimrevisjonsrapport for Ulvik herad 2019

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tar oppsummering etter interimrevisjon 2019 frå IHR til orientering.

Saksprotokoll i 22.01.2020 - Kontrollutvalet i Ulvik herad

Handsaming i møte

Elin Bye presenterte interimrevisjonsrapporten og svara på spørsmål.

Revisor har mellom anna sett på tre prosjekt offentlege anskaffingar, kun eit av desse har vore lyst ut på Doffin. Førebels forklaring på dette er anskaffingar etter unntak i forsyningsforskrifta.

Etter sams drøfting i utvalet vart slikt punkt samrøystes vedteke.

Kontrollutvalet vil gjere heradsstyret merksam på interimrevisjonsrapporten sin omtale av «Innkjøp»

Her skriv revisor mellom anna slik:

«Innkjøp er løpande kontrollert i samband med terminvis attestasjon på momskompensasjon og revisjonen har gjennomført 5 av 6 attestasjonar for året 2019. I tillegg har vi utført kontroll av tre investeringsprosjekt i oktober/november. Prosjekta Hjeltnes avløpsreinseanlegg, Øydve høgdebasseng og Øydve-Torblå VA vart lagt fram for heradsstyret i haust.

Prosjekta var budsjettert til mellom kr. 7-15 mill. Lov om offentlege anskaffingar gjeld innkjøp over kr.100 tusen, og krav om at alle innkjøp over kr. 1,3 millionar skal offentleg ut på anbod i Doffin.no. Revisjonen har i interimrevisjonen berre lukkast med å identifisera Øydve høgdebasseng i den offentlege kunngjeringsportalen.»

Vedtak

1. Kontrollutvalet tar oppsummering etter interimrevisjon 2019 frå IHR til orientering.
2. Kontrollutvalet vil gjere heradsstyret merksam på interimrevisjonsrapporten sin omtale av «Innkjøp»

PS 7/20 Møteplan for kontrollutvalet 2020

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet legg opp til denne møteaktiviteten for 2020:

Ulvik	Jan	Feb	Mars	April	Mai	Juni	Aug	Sep	Okt	Nov	Des
Heradsstyre		4,5		1		17		22,23		4	16
Formannskap (Rekneskap)	15		11		13		26		21		2
Kontrollutval	22				6			9		25	

Saksprotokoll i 22.01.2020 - Kontrollutvalet i Ulvik herad

Handsaming i møte

Forslag til vedtak med endring frå fast møtedag onsdag til torsdag vart samrøystes vedteke.

I tillegg kan det kome til eit prosessmøte forvaltningsrevisjon i månadsskiftet mars/april jfr. PS 4/20

Vedtak

Kontrollutvalet legg opp til denne møteaktiviteten for 2020:

Ulvik	Jan	Feb	Mars	April	Mai	Juni	Aug	Sep	Okt	Nov	Des
Heradsstyre											
Formannskap (Rekneskap)											
Kontrollutval	22				7			10		26	

Referatsaker

RS 1/20 Program folkevaldopplæring Solstrand februar 2020

Saksprotokoll i 22.01.2020 - Kontrollutvalet i Ulvik herad

Handsaming i møte

Referatsaka vart teken til orientering

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering

RS 2/20 Vedtak heradstyret, val kontrollutval 2019 - 2023

Saksprotokoll i 22.01.2020 - Kontrollutvalet i Ulvik herad

Handsaming i møte

Referatsaka vart teken til orientering

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering

RS 3/20 Vedtak budsjett kontroll og tilsyn 2020

Saksprotokoll i 22.01.2020 - Kontrollutvalet i Ulvik herad

Handsaming i møte

Referatsaka vart teken til orientering

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering